




KI-notat nr.: 29/2011 - Bakgrunn for vedtak

Søker/sak:	Småkraft AS/Bortnen kraftverk		
Fylke/kommune:	Sogn og Fjordane/Bremanger		
Ansvarlig:	Øystein Grundt	Sign.:	
Saksbehandler:	Frank Jørgensen	Sign.:	
Dato:	25 AUG 2011		
Vår ref.:	NVE 200905444-23		
Sendes til:	Søker og alle som har uttalt seg til saken		

Middelthuns gate 29
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO
Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no
Org. nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
0827 10 14156

Søknad om tillatelse til bygging av Bortnen kraftverk i Bremanger kommune i Sogn og Fjordane fylke

Innhold

Sammendrag	1
Søknad	4
Høring og distriktsbehandling	6
Søkers kommentar til høringsuttalelsene	18
Norges vassdrags- og energidirektorats (NVEs) merknader	22
NVEs vurdering	27
NVEs konklusjon	34

Sammendrag

Søknaden gjelder tillatelse etter § 8 i vannressursloven til bygging av Bortnen kraftverk i Bortneelva og behandles i henhold til reglene i kap. 3 i samme lov. Det er søkt om tillatelse etter energiloven for etablering av nødvendige høyspentanlegg.

Prosjektområdet ligger i Bremanger kommune i Sogn og Fjordane. Nedbørfeltet på 14,3 km² har sitt utspring fra fjellområdene ved Klakegga og renner ut i fjorden ved Bortnen. Det omsøkte prosjekt vil utnytte fallet mellom kote 159 og kote 40, dvs. en fallhøyde på 119 meter. Ved planlagt inntak i Bortneelva er middelvannføringen på 1,42 m³/s. Vannveien vil bli om lag 1500 meter lang og vil gå på nordsiden av elva. I følge søknaden vil vannveien hovedsakelig bestå av nedgravd/overdekte rør. Planlagt installert effekt vil bli på ca. 2,6 MW med en maksimal slukeevne på 2,83 m³/s. Midlere årsproduksjon er beregnet til 7,7 GWh, fordelt med 5,1 GWh vinterproduksjon og 2,6 GWh sommerproduksjon. Det er foreslått slipp av minstevannføring på 108 l/s hele året. Utbyggingskostnaden er beregnet til 20,3 mill. kr.

En utbygging iht. planene vil gi en reduksjon av INON-område sone 2 med 1,5 km².

Bremanger kommune bemerker at tiltaket vil bli et stort inngrep i et urørt område og at området har innehar store naturverdier. Kommunen tilrår likevel at det blir gitt konsesjon på visse vilkår. Kommunen legger vesentlig vekt på at tiltaket vil gi positive ringvirkninger i et område med økende fraflytting.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane frarår konsesjon. Fylkesmannen mener at ei utbygging som omsøkt ikke er forenelig med naturverdiene i området og at biologisk mangfold ikke kan ivaretas med avbøtende tiltak.

Sogn og fjordane fylkeskommune tilrår konsesjon, men forutsetter at oppmurte deler av vei og bru ikke blir ødelagt. De foreslår at rørgaten blir flyttet over til sørsiden av Bortneelva.

Sogn og Fjordane turlag mener at tiltaket er i klar konflikt med friluftsinnteresser, men under tvil, innenfor det de har akseptert i andre saker. Turlaget mener at konfliktene med biologisk mangfold er mye større enn for friluftslivet.

Grunneierne i området er hovedsakelig positiv til en ev. utbygging. Grunneierne mener skogsvei inn i dalen er av stor betydning for næring og framtidig bosetning i bygda. Det gjenstår noe avklaring av privatrettslig karakter, men dette er ikke til hinder for at NVE kan fatte vedtak i saken.

Influensområdet framstår som urørt og store deler består av verdifulle naturtyper. Elva ligger i ett trangt vestvendt dalføre preget av mye nedbør og høy luftfuktighet. Topografi, klima og påvirkningsgrad fører til en meget høy konsentrasjon av verdifulle naturtyper og rødlistearter. Potensialet for ytterligere funn av rødlistede arter er vurdert som stort. Spesielt blir den rødlistede fossegrimemosen tillagt stor vekt i miljørapporten. Når det gjelder fuktighet er denne mosen en meget kravfull art. Lokaliteten av fossegrimemose blir beskrevet som den viktigste og største i landet, sammen med en lokalitet i Luster. En om lag 1 km lang og 30 meter brei rørgate og anleggsvei er planlagt igjennom en svært verdifull naturtype (rik edellauvskog) med kategori A. Området er svært sidebratt og meget krevende for teknisk gjennomføring. Den største trusselen for naturmiljøet ved en ev. utbygging antas likevel å være den indirekte effekten i form av redusert luftfuktighet i dalføret, da mye av naturverdiene er knyttet opp mot høy luftfuktighet. Det planlagte kraftverket ligger i et område med store naturverdier og konsekvensen av en ev. utbygging er satt til stor-meget stor i biologisk mangfold rapporten. Nedenfor planlagt kraftstasjon er det en anadrom strekning på 2,2 km der det går både laks og sjørøtt. Et utfall i kraftstasjonen kan få store konsekvenser også for denne delen av elva, men dette kan løses gjennom krav om forbislippingsanordning

Under NVEs befarings kunne en registrere at en utbygging vil være svært teknisk krevende om utbyggingen ikke skal fremstå som skjæmmende. Området er meget sidebratt og på de flatere partiene er det mye storsteinet ur. Framføring av vannvei vil berøre store deler av den gamle ferdselsvegen slik rørgaten er planlagt.

En utbygging etter omsøkt plan vil gi om lag 7,7 GWh/år i ny fornybar energiproduksjon. Dette er en produksjon som er vanlig for småkraftverk. Selv om dette isolert sett ikke er et vesentlig bidrag i fornybar energiproduksjon, så utgjør småkraftverk samlet sett en stor andel av ny tilgang de senere år. I 2010 klarerte NVE om lag 0,9 TWh ny energi fra småkraftverk. De aller fleste prosjektene vil ha enkelte negative konsekvenser for en eller flere allmenne interesser. NVE mener at så lenge disse interessene ikke er av svært stor verdi eller at de kan avbøtes i tilstrekkelig grad gjennom vilkår, så kan det gis en konsesjon til tiltaket. De konsesjonsgitte tiltakene vil være et bidrag i den politiske satsingen på småkraftverk, og satsingen på fornybar energi. I denne saken er det største konfliktnivået knyttet til de store naturverdiene i området der store deler av naturtypene er meget fuktighetskrevede og vannføringen på den berørte strekningen vil bli sterkt redusert. I tillegg vil etablering av anleggsveg

og rørgate i ett krevende område gi betydelige terrenginngrep og bidra til å skjemme områdets karakter. Bortneelva innehar etter vår oppfatning så store naturverdier at dette ikke er forenelig med ei utbygging som omsøkt.

Etter en helhetsvurdering av planene og de foreliggende uttalelsene mener NVE at ulempene av det omsøkte tiltaket er større enn fordelene for allmenne og private interesser slik at kravet i vannressursloven § 25 ikke er oppfylt. NVE avslår med dette Småkraft AS sin søknad om å få bygge Bortnen kraftverk.

Søknad

NVE har mottatt følgende søknad fra Småkraft AS, datert 16.11.2006:

"Småkraft AS ønsker å utnytte fallet i Bortneelva og søker herved om tillatelse til følgende utbygging:

- 1. Etter vannressurloven, jf. § 8, om tillatelse til:*
 - å bygge Bortneelva kraftverk*
- 2. Etter energiloven om tillatelse til:*
 - Bygging og drift av Bortneelva kraftverk, med tilhørende koblingsanlegg og kraftlinjer som beskrevet i søknaden.*
- 3. Etter forurensningsloven om tillatelse til:*
 - Gjennomføring av tiltaket.*
- 4. Etter oteigningslovens § 2 punkt 51 om samtykke til å ekspropriere nødvendige fallrettigheter for:*
 - Bygging av Bortneelva kraftverk som beskrevet i søknaden.*

Det opplyses at det er inngått avtale med 98 % av fallrettighetshaverne. For de resterende 2 % har det vært gjort forsøk på å komme frem til minnelig avtale."

Bortnen kraftverk, hoveddata			
TILSIG		Hovedalternativ	Ev. alternativ 2
Nedbørfelt	km ²	14,3	
Årlig tilsig til inntaket	mill.m ³	42,8	
Spesifikk avrenning	l/s/km ²	99	
Middelvannføring	m ³ /s	1,42	
Alminnelig lavvannføring	m ³ /s	0,054	
5-persentil sommer (1/5-30/9)	m ³ /s	0,09	
5-persentil vinter (1/10-30/4)	m ³ /s	0,04	
KRAFTVERK			
Inntak	moh.	159	
Avløp	moh.	40	
Lengde på berørt elvestrekning	m/km		
Brutto fallhøyde	m	119	
Midlere energiekvivalent	kWh/m ³	0,25	
Slukeevne, maks	m ³ /s	2,83	
Slukeevne, min	m ³ /s	0,28	
Tilløpsrør, diameter	mm	1000	
Tunnel, tverrsnitt	m ²		
Tilløpsrør/tunnel, lengde	m	1500	
Installert effekt, maks	MW	2,6	
Brukstid	timer	3100	
MAGASIN			
Magasinvolum	mill. m ³		
HRV	moh.	159	
LRV	moh.	158	
PRODUKSJON			
Produksjon, vinter (1/10 - 30/4)	GWh	5,1	
Produksjon, sommer (1/5 - 30/9)	GWh	2,6	
Produksjon, årlig middel	GWh	7,7	
ØKONOMI			
Utbyggingskostnad	mill.kr	20,3	
Utbyggingspris	kr/kWh	2,7	
Bortnen kraftverk, elektriske anlegg			
GENERATOR			
Ytelse	MVA	3,0	
Spenning	kV	0,69	
TRANSFORMATOR			
Ytelse	MVA	3,0	
Omsetning	kV/kV	0,69/22	
NETTILKNYTNING (kraftlinjer/kabler)			
Lengde	km	2000	
Nominell spenning	kV	22	
Luftlinje el. jordkabel			

Høring og distriktsbehandling

NVE har mottatt følgende høringsuttalelser til søknaden:

Bremanger kommune uttaler følgende i brev av 20.02.2010:

"Området er i arealdelen til kommuneplanen frå 2004 avsett til landbruks, natur- og friluftsområde. Deler av tiltaket skal handsamast etter Plan- og bygningslova. Ein føreset at tiltakshavar tek kontakt med kommunen for å avklare dette, slik det også framgår av søknad.

Anleggstiltaket omfattar m.a. nedgraving/-skyting av røyrgate på ca 1,5. km og byggjing av ny veg med 2 km, i tillegg til oppgradering av ca 1. km veg. Det skal leggjast jordkabel med ca. 2 km til trafostasjon. Deler av denne blir liggjande under veg. Kraftverksbygningen vert på ca. 70 m². Det er planlagt uttak av inntil 3000 m³ lausmassar i breelvavsetning nede i sjølve Bortnen til bruk i anlegget.

Tiltaket inneber eit stort inngrep i det tronge dalføret i Bortnen, som særleg i austre del framstår som urøyr naturområde.

Det er gjort undersøkingar av biologisk mangfald, og denne viser at dalen i så måte har stor verdi, m.a. grunna raudlistearter og varmekjær vegetasjon. Nedste delen av elva er fiskeførande. I søknaden er det difor m.a. sett vilkår om minstevassføring for å minske dei negative verknadene for flora/fauna. Det er vidare skrive avtale med grunneigarane om at uttak av skog i austre deler av dalføret ikkje kan gjerast slik at det skader det biologiske mangfaldet.

Elva inngår ikkje i verneplan for vassdrag. Det er likevel eit alment krav at det skal takast omsyn til miljøkonsekvensar ved nye tiltak. Ein føreset difor at minstevassføring vert kravd slik det framgår av søknad, med 108 l/s, og at det vidare i alle deler av anlegget vert lagt vekt på minimalisering av terrenginngrep. Revegetering må gjerast med stadeigne arter, og ikkje framande såfrøblandingar.

Det skal etablerast to bruer. Det er planlagt forsterking av eksisterande bru. Dersom kostnadene til dette vert vesentlege, bør det vurderast å la brufundamenta stå att som eit kulturminne, og heller byggje ny på anna tomt.

Det må leggjast vinn på å samordne behovet for masse med uttak av tunnelmasse i samband med byggjing av tunnel Bortnen – Sordalen. Det skal etablerast eit stort massedeponi i Bortnen i samband med dette, og det er difor uheldig dersom det må gjerast inngrep i naturterreng, breelvavsetning, for å skaffe desse massane.

Tiltaket har vesentlege positive samfunnsverknader ved auka verdiskaping lokalt, og er i så måte eit godt næringstiltak i eit område prega av minkande folketal. Ein kan nok vidare forvente auka friluftslivferdsel ved byggjing av Bremangersambandet del II, som gjer området lettare tilgjengeleg."

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane uttaler følgende i brev av 08.03.2010:

”

Fylkesmannen meiner at ei utbygging slik som omsøkt ikkje kan sameinast med dei naturverdiane som ligg langs Bortneelva. Etter Fylkesmannen si vurdering kan ikkje inngrepa og dei negative verknadene for biologisk mangfald avbøtast med tiltak. Omsøkte prosjekt er ikkje i samsvar med den internasjonale konvensjonen om biologisk mangfald og den nye naturmangfaldlova §§ 4, 5 og 9. Fylkesmannen rår i frå bygging av Bortneelva kraftverk.

Vi viser til oversending frå NVE datert 27.11.2009.

Bakgrunn

Småkraft AS søker om å byggje eit småkraftverk i Bortneelva. Nedbørsfeltet er 14,3 km², middelvassføringa er på 1,42 m³/s og maks slukeevne er planlagt til 2,83 m³/s. Alminneleg lågvassføring er rekna til 0,054 m³/s, 5-persentil sommar/vinter er rekna til 0,09/0,04 m³/s. Kraftverket vil nytte fallet mellom kote 159 og kote 40. Røyrkata på 1500 m skal gravast ned på heile strekninga, diameter på tillaupsrøyra vert 1,0 m. Kraftstasjonen vil få ein installasjon på 2,6 MW som gir ein årleg middelproduksjon på 7,7 GWh. Det er søkt om minstevassføring lik 0,108 m³/s (det doble av alminneleg lågvassføring).

Vurdering

Til søkjar opplyser vi at Fylkesmannen skal vurdere denne saka i høve til allmenne interesser, jf. § 8 i vassressurslova. Dette omfattar tema som naturmiljø (m.a. landskap, biologisk mangfald, inngrepsfrie naturområde, fisk) og friluftsliv. NVE har avgjerdsrett etter vassressurslova. Vidare vurderer Fylkesmannen søknaden i høve til lakse- og innlandsfiskelova og ureiningslova. Miljøverndepartementet har avgjerdsrett etter ureiningslova når det gjeld uttak av vatn i samband med vasskraftutbygging. Fylkesmannen og andre forvaltningsorgan skal også vurdere saka i høve til naturmangfaldlova.

Landskap og friluftsliv

Bortnedalen er ein trong dal der nedre delar er ein del påverka med gardar, veg, beite og kraftline. Frå der traktorvegen sluttar og vidare innover er dalføret lite påverka og det er berre stien/kjerrevegen og restane etter ”gamlestøylen” som vitnar om menneskeleg påverknad. Ny veg fram til inntaket og røyrkatetrase vil bli dominerande landskapsinngrep i det tronge dalføret, særleg til det blir tilgrodd.

Når det gjeld friluftsliv så går det sti inn til Bortnestølen og vidare inn Fagredalen. Stien går langsetter elva på den planlagt utbygde elvestrekninga, og ei redusert vassføring vil redusere opplevingsverdien av elva. Redusert oppleving av elva vil særleg gjere seg gjeldande i periodar med låg vasstand. Det vert opplyst at bruken av utbyggingsområdet i liten grad vert nytta som turområde. Vi viser elles til Sogn og Fjordane Turlag sin uttale om friluftsliv og kva påverknad ei utbygging vil få for friluftslivsinteressene.

Naturmiljø, biologisk mangfold

Bortnedalen og Bortneelva har spesielle kvaliteter som gir området eit godt grunnlag for fuktigheitskrevjande artar. Hovudelva har forholdsvis moderat og jamt fall, utan innsjøar. Elva ligg langt ut mot kysten med mykje nedbør og generelt høg lufråme. Bortnen har 2000-3000 mm nedbør per år, eit snitt på 220-240 dagar i året med 0,1 mm eller meir nedbør (Moen 1998). Elva er lite eksponert for sol ved at den ligg øst-vest-orientert og renn gjennom eit ganske trongt dalføre. Dalføret er lite påverka av inngrep i nyare tid, bortsett frå noko busetnad nedanfor tiltaksområdet, ei kraftline opp til planlagt kraftstasjon, og nokre små plantefelt med gran.

Aurland Naturverkstad har utarbeidd ein rapport om biologisk mangfold for prosjektet. På bakgrunn av funn og anbefalingar frå Aurland Naturverkstad, vart det gjennomført supplerande undersøking av naturtypar og raudlista artar i området. Tilleggsundersøkinga er utarbeidd av Miljøfaglig Utredning. I konklusjonen av verdivurderinga skriv Miljøfaglig Utredning følgjande:

"Fire verdifulle naturtyper, hvorav to med stor verdi (svært viktig) og to med middels verdi (viktig) er kjent innenfor utredningsområdet. Videre er det påvist 8 rødlistearter (samt en som ansees feilaktig plassert på rødlista) og 3 rødlistekandidater innenfor området, og potensialet for forekomst av ytterligere rødlistearter er tilstede. Flere av artene er sjeldne og kravfulle og for en art (fossegrimemose) er dette en av landets viktigste forekomster. Konsentrasjonen av verdifulle naturmiljøer og rødlistearter langs Bortneelva er uvanlig høy og det er få eller ingen andre vassdragsnære miljøer i regionen som kan vise til noe lignende."

Miljøfaglig Utredning skriv vidare under samanlikning med øvrige nedbørfelt/andre vassdrag:

"Samlet sett vurderes Bortneelva som en meget sjelden vassdragstype. Det er knapt kjent lignende trange, bekkeløfilignende vassdrag med en tilsvarende lav påvirkningsgrad og med så høye naturverdier og godt grunnlag for fuktighetskrevennde arter ut mot kysten på Vestlandet."

Norsk raudliste vart revidert i 2006 (etter at rapporten frå Miljøfaglig Utredning vart levert) og status for raudlista artar innanfor dei fire registrerte naturtypane langs Bortneelva er no sju raudlista artar (tre av dei påviste raudlista artane er falle ut, og to av raudlistekandidatane er komne inn på raudlista).

Noreg har ratifisert konvensjonen om biologisk mangfold og har eit mål om å stanse tap av biologisk mangfold innan 2010, jf. St.meld. nr. 26 (2006-2007) "Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand". Tiltaket vil vere i konflikt med fire verdifulle naturtypar, sju raudlista artar og ein sjeldsynt "vassdragstype" (Bortneelva vurderast som ein sjeldsynt "vassdragstype", jf. vurderinga frå Miljøfaglig Utredning ovanfor). Fylkesmannen vurderer at tiltaket er i strid med konvensjonen om biologisk mangfold og den nasjonale målsetjinga om å stanse tapet av biologisk mangfold innan 2010. I den nye naturmangfoldlova (trådde i kraft 01.07.2009), er det lovfesta eit forvaltningsmål for ivaretaking av naturtypar og artar, jf. §§ 4 og 5.

Tiltaket fører til ein reduksjon på 76 % av midlare vasstilsig på den planlagd utbygde elvestrekninga. Utbygginga med etablering av røyrgate, kraftstasjon, inntaksdam og tilkomstveg, medfører inngrep som kjem i konflikt med nokre av dei verdifulle naturtypane. Dei fysiske inngrepa gir fleire direkte negative effektar på naturverdiane. Miljøfaglig

Utredning meiner likevel at dei indirekte verknadane er enno meir alvorlegare, i form av redusert lufråme i dalføret (og kanskje høgare temperatur), samt auka fare for negative inngrep i form av hogst. Som eit resultat av dei store naturverdiane som vert påverka, fører dette til at samla konsekvensgrad i biologisk-mangfald-rapporten er sett til "stor til meget stor negativ".

Som moglege avbøtande tiltak skriv Miljøfaglig Utredning følgjande:

"Når det gjelder minstevassføring, så gir naturkvalitetene i dalføret, spesielt de fuktighetskrevenne artene, grunnlag for å tilrå at denne ligger vesentlig over alminnelig lavvannføring. Dette er sannsynligvis særlig viktig i tørre og varme perioder i sommerhalvåret, og betyr mye mindre i fuktige perioder sommerstid (bl.a. når det er mye naturlig tåke, dis eller yr), og heller ikke så mye vinterstid.

Et annet svært viktig avbøtende tiltak vil være å legge til rette for at tiltaket ikke medfører økt hogst i dalføret."

Utbyggjar har som avbøtande tiltak foreslått å sleppe ei minstevassføring på 108 l/s heile året (det doble av alminneleg lågvassføring). Det er vidare inngått ein avtale med grunneigarane om at den nye tilkomstvegen langs Bortneelva ikkje skal nyttast til uttak av skog som vil redusere verdien av dei fire registrerte naturtypene.

Avtalen med grunneigarane gjeld ikkje alle grunneigarane (seks av ti grunneigarar), og er heller ikkje juridisk bindande. Avtalen er såleis ingen garanti for at det ikkje vert hogst i området i framtida.

Fylkesmannen meiner at minstevassføringa som er foreslått ikkje er tilstrekkeleg til å ta vare på dei verdiane som er i området, truleg bør ikkje vassføringa reduserast i større grad ut i frå naturtilstanden. Kor stor vassføring som må til for å oppretthalde høg lufråme i dalføret veit vi ikkje. Med tanke på dei store verdiane knytt til biologisk mangfald i området bør difor føre-var-prinsippet leggjast til grunn, jf. § 9 i naturmangfaldlova.

Vi meiner at ei utbygging slik som omsøkt ikkje kan sameinast med dei naturverdiane som ligg langs Bortneelva. Etter Fylkesmannen si vurdering kan ikkje inngrepa og dei negative verknadane for biologisk mangfald avbøtast med tiltak. Omsøkte prosjekt er ikkje i samsvar med den internasjonale konvensjonen om biologisk mangfald og den nye naturmangfaldlova §§ 4, 5 og 9.

Inngrepsfrie naturområder (INON)

Utbygginga vil føre til at inngrepsfrie naturområde vert redusert. Inngrepsfri sone 2 (1-3 km frå tyngre tekniske inngrep) vert redusert med om lag 1,8 km². Sjølv om det er eit politisk mål å ta vare på inngrepsfrie naturområde, er avgangen i dette tilfellet så pass liten at det ikkje i seg sjølv er til hinder for kraftutbygginga.

Fisk og fiske

Bortneelva er laks- og sjøaureførande 2,2 km fram til eit stryk som ligg ved planlagt utløpskanal frå kraftverket. Ved uføresette utfall av kraftstasjonen vil elva nedstraums kraftverket kunne bli tørrlagt slik at fisken strandar. For å unngå dette meiner Fylkesmannen at det må installerast automatisk forbisleppingsventil i kraftstasjonen ved ein ev. konsesjon.

Kapasiteten på ventilen bør være på om lag halvparten av turbinens største slukeevne. I elva ovanfor laks- og sjøaureførande strekning er det vanleg innlandsaure. Den planlagt utbygde elvestrekninga har grovt substrat og har truleg låg verdi som gyte- og oppvekstområde for fisk. Det vert opplyst at det er ingen fiskeinteresser på denne strekninga. Føreset at det vert installert omløpsventil og minstevassføringa vert gjeldande heile året, kan vi akseptere tiltaket utifrå fiskeinteressene.

Ureining, vasskvalitet og støy

Vi ser det som lite sannsynleg at vasskvaliteten vil bli vesentleg endra av omsøkt tiltak. I høve til ureiningslova er tiltaket difor lovleg. Dersom det viser seg at tiltaket fører til skadar eller ulemper ein ikkje er klar over eller har opplysningar om no, kan det bli aktuelt å vurdere tilhøvet til ureiningslova på nytt. Tiltakshavar kan vidare bli erstatningspliktig for ev. skadar/ulempers som følgjer av tiltaket.

Det bør leggjast vekt på støydempende tiltak knytt til ev. kraftstasjon. Støynivået bør halde seg innanfor tilrådde støygrenser i T-1442 "Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging". Jf. Punkt 3.1 "Anbefalte støygrenser ved planlegging av ny virksomhet eller bebyggelse" om støy frå industri m.v.

Landbruk

Utbygginga forventast å få positiv betyding for næringsgrunnlaget og busetjing til dei gardsbruka som er delaktig i realiseringa av kraftverket.

Tilråding

Fylkesmannen meiner at ei utbygging slik som omsøkt ikkje kan sameinast med dei naturverdiane som ligg langs Bortneelva. Etter Fylkesmannen si vurdering kan ikkje inngrepa og dei negative verknadene for biologisk mangfald avbøtast med tiltak. Omsøkte prosjekt er ikkje i samsvar med den internasjonale konvensjonen om biologisk mangfald og den nye naturmangfaldlova §§ 4, 5 og 9. Fylkesmannen rår i frå bygging av Bortneelva kraftverk."

Sogn og Fjordane fylkeskommune gjorde følgende vedtak i fylkesutvalget den 22.03.2010:

- 1. Sogn og Fjordane fylkeskommune rår til at det vert gitt løyve til bygging av Bortnen kraftverk ut frå at fordelar og nytte ved tiltaket vert vurdert til å vere større enn skader og ulemper for allmenne og private interesser.*
- 2. Det er ein føresetnad at kulturminne som oppmurte deler av veg og bru i naturstein ikkje vert øydelagde. Aktuelt avbøtande tiltak er her evt. å legge rørgata og kraftverket på motsett side av elva. Anleggsveg mellom kraftverket og inntaket bør etter at tiltaket er fullført, omgjeras til køyrestyrkt terreng. Det vert elles vist til Bremanger kommune sine merknader i brev til NVE.*

[...]

6. FYLKESRÅDMANNEN SI VURDERING AV FORDELER OG ULEMPER, EVT. NYE FORSLAG TIL AVBØTANDE TILTAK

Fordelane ved tiltaket er fyrst og fremst av økonomisk karakter og knytt til energiproduksjon på ca. 7,7 GWh/år. Kraftverket vil bidra til lokalt næringsgrunnlag og skatteinntekter.

Aktuelle ulemper vil vere knytt til bygningsmessige tiltak (inntaksdam, anleggsveg/traktorveg, nedgravd rørgate, kraftverksbygning, kabeltrase) og redusert vassføring i Bortneelva.

Automatisk freda kulturminne

Området er vurdert til å ha eit potensiale for funn av automatisk freda kulturminne, dvs. frå forhistorisk tid og mellomalder. Det må gjennomførast arkeologisk registrering i området. Det må difor i eit event. løve om konsesjon, setjast tydeleg krav om at tiltakshavar si undersøkingsplikt, § 9 i Lov om kulturminne, må vere gjennomført i god tid før anleggsstart. Kulturminneregistreringa må gjennomførast på snø- og telefri mark. Det må takast kontakt med Sogn og Fjordane fylkeskommune, Kulturavdelinga for å få gjennomført registreringa. Dersom automatisk freda kulturminne bli påvist, skal dei handsamast i tråd med vanleg forvaltingspraksis for slike kulturminne.

Kulturminne frå nyare tid

Tiltaket er lagt til eit område med høgt biologisk mangfald og eit gammalt kulturlandskap. I det tronge dalføret finn vi gode beiteareal og lett tilgjengeleg skog for sanking av lauv og ved. Dette tyder på at vi her står overfor eit landskapet med ei svært stor tidsdjupne, og eit landskap med aktiv bruk over svært lang tid.

Langs elva ligg eit gammalt veganlegg. Ut i frå det vi veit om slike vegfar, er det lagt mest arbeid i å byggje desse opp over vanskelege parti, parti med sterk hellande terreng eller der det er trong for bruer eller klopp. Lang Bortneelva finn vi eit slikt vegfar, dette er tydeleg illustrert av bilete 6 og 7 i konsesjonssøknaden. Ut i frå topografien i området, ser vi at det langs denne vegen er lett å ta seg fram frå Bortne, over til Ålfoten og midtre Nordfjord. Det er mykje som tyder på at vegen langs Bortneelva er eit svært gammalt kulturminne av høg kulturhistorisk verdi og eit kulturminne det ikkje må gjerast terrengmessige inngrep i. Nærmare undersøking må til for å kunne seie om vegen må reknast som automatisk freda kulturminne. Avbøtande tiltak her, kan vere å leggje heile røyrtrassen på motsatt side av elva.

Det er planer om å oppgradere den gamle brua over Bortneelva. Brua har fint oppmura vangar og brukar i naturstein. Den er i dag eit godt syneleg og viktig vegrelatert kulturminne i landskapet. Brua som kulturminne må på ingen måte verte øydelagt eller redusert ved ei omfattande oppgradering. Avbøtande tiltak kan her vere å byggje heilt ny bru i god avstand til den gamle brua.

I konsesjonssøknaden er restane etter gamlestølen trekt fram som kulturminne og landskapselement i samband med registrering av biologisk mangfald. Under anleggsarbeidet må det ikkje gjerast skade på kulturlandskapselement som geiler, vegar, steingardar, bakkereiner, bygningar eller andre synelege spor etter tidlegare landbruksaktivitet i området. Gamle ræser og vegar er å sjå på som kulturminne og viktige element i landskapet. For å få minst moglege synelege spor i landskapet og ei raskare revegetering, er det viktig å nytte naturleg vegetasjon frå staden (torv) til overdekking av grøftene.

Samla vurdering

Fylkesrådmannen meiner at det må leggjast avgjerande vekt på det som er lagt fram ang. den gamle vegen langs Bortneelva og den gamle brua over elva ved Bortnen. Heile vegen med oppmurte parti og bruer av stein må bevarast. Fylkesrådmannen meiner at avbøtande tiltak kan vere å leggje rørgata og kraftverket på motsett side av elva. Av landskapsmessige omsyn

bør anleggsvegar /rørgatetrase omgjerast til køyresterkt terreng etter at anleggperioden er over. Fylkesrådmannen støttar elles Bremanger kommune sine merknader i brev til NVE.

4. KONKLUSJON/TILRÅDING

Fylkesrådmannen rår til at det vert gitt løyve til bygging av Bortnen kraftverk ut frå at fordeler og nytte ved tiltaket vert vurdert til å vere større enn skader og ulemper for allmenne og private interesser. Det er ein føresetnad at kulturminne som den gamle vegen langs elva og den gamle bru i naturstein, ikkje vert øydelagde. Aktuelt avbøtande tiltak er her evt. å legge rørgata og kraftverket på motsett side av elva. Anleggsveg mellom kraftverket og inntaket bør etter at tiltaket er fullført, omgjerast til køyresterkt terreng. Det vert elles vist til Bremanger kommune sine merknader i brev til NVE.

Statens vegvesen uttaler følgende i brev av 01.02.2010:

"Statens vegvesen arbeider med prosjektering av Bremangersambandet del 2 som er del av Fv. 614 og utgjør strekningen mellom Kolset — Bortnen — Sjødalsvatnet i Bremanger kommune. Tilkost til kraftverket vil verte frå fylkesvegen ved Bortnen. Det vert prosjektert avkøyrsløse frå fylkesvegen som kan nyttast i samband med utbygging og drift av kraftverket. I søknaden er det ikkje gjeve konkrete opplysningar om transportomfanget som utbygginga/drifta vil medføre. Vegvesenet viser til at evt. tilleggstilltak for avkøyrsløse som følgje av småkraftutbygginga er det utbyggar som må bere kostnadene for."

SFE Nett AS uttaler følgende i brev av 05.02.2010:

"Vi har følgjande kommentar til situasjonen i sentralnettet og i lokalt nett vedkomande søknaden: Den 01.04.09 vart det sendt eit brev til NVE frå Statnett i samarbeid med SFE Nett og Istad Nett om situasjonen i sentralnettet i mellom Ørskog og Aurland. I brevet er det gjort greie for den anstrengte situasjonen i sentralnettet i Sogn og Fjordane. Som det framgår er konklusjonen at det ikkje kan tillatast at det blir tilkopla meir ny produksjon i nettet mellom Aurland og Ørskog enn dei kraftverka som hadde fått konsesjon før brevet var sendt og motteke av NVE.

Statnett har, i samråd med SFE Nett, bestemt at alle kraftverk som måtte få konsesjon frå NVE etter den nemnde datoen, vil få beskjed om at tilkopling til nettet ikkje kan tillatast før sentralnettet er opprusta og overføringskapasiteten er auka. I praksis betyr dette at den nye 420 kV linja frå Sogndal til Ørskog med nødvendig transformering til 132 kV må vere etablert. Dette vil då også gjelde for nettilkopling av Bortnen kraftverk.

Som kjent har NVE gjeve konsesjon for den nemnde 420 kV linja med transformatorstasjonar mellom anna i Moskog og i Alfoten-området. Konsesjonsvedtaket er anka inn til OED. I beste fall kan ein rekne med at nødvendige tiltak i sentralnettet er gjennomført i løpet av 2014. Det er knytt betydeleg usikkerhet til eit slikt tidspunkt.

I lokalnettet vil Bortnen kraftverk bli tiknytta til SFE Nett sin transformatorstasjon i Rugsund, der det er transformering 66/22 kV. Ut frå det vi kjenner til i dag vil det vere kapasitet på nesten heile strekningen på eksisterande 22 kV linje frå transformatorstasjonen og fram til Bortnen så langt linja går i dag. Ein kortare parsell ligg på grensa til å ha nok kapasitet. Om den bør skiftast ut vil vi ta endeleg stilling til når Bortnen kraftverk eventuelt har fått konsesjon. Vi vil då sjå dette i samanheng med eventuelle andre kraftverksplanar, som måtte føreligge på dette tidspunktet.

Anlegg for nettilkopling frå planlagt kraftverk og fram til eksisterande linje vil vere kraftverket sin eigedom og ansvar."

Sogn og Fjordane Turlag uttaler følgende i brev av 19.02.2010:

"Vi viser til NVE sitt høyringsbrev av 27.11.2009 og til konsesjonssøknaden med vedlegg som er lasta ned via internett. Høyringsfråsegna vår er basert på konsesjonssøknaden med vedlegg, på generell kjennskap til området, på kontakt med Keipen Turlag, og på informasjon henta via internett. Dessverre har vi ikkje hatt høve til å reise på synfaring. (Årstida har ikkje vore særleg god til det.)

Om Sogn og Fjordane Turlag:

Sogn og Fjordane Turlag (sjå www.turistforeningen.no/sognogfjordane) er eitt av Den Norske Turistforening sine 56 medlemslag, og fylkeslag for 16 lokale lag spreidd over heile fylket. Medlemstal ved årsskiftet: 4.712. Bortnen kraftverk ligg i Keipen Turlag sitt arbeidsområde.

Om friluftsliv i det aktuelle området:

På Turkart Ålfotbreen frå 1991 er det markert ei turrute, rute nr. 44, frå Bortnen og oppover langs nesten heile elva før ruta dreiar sørover gjennom skaret nord for Ørnereidsvatnet, rundar vatnet på austsida, og går vidare ned til riksvegen litt vest for Myklebustsætra. Turruta oppover dalen er markert som sti på kartet i NVE-atlas (ved bruk av Bakgrunn N50).

I punkt 3.11 i konsesjonssøknaden er det opplyst at:

"Allmenhetens bruk av utbyggingsområdet som turområde er meget beskjedent"

*Med ein sti som er så mykje brukt at den er markert på kartet, tvilar vi på at dette stemmer heilt, men vi kjenner dessverre ikkje til kor stor bruken er. Men at bruken av området ikkje er særleg omfattande i dag, det kan vi stadfeste. Ein viktig grunn til det, er at frå kommunesenteret Svelgen går det ein 70 km lang og til dels nokså kronglete veg til Bortnen. Men no er det gjort vedtak om å bygge ny veg frå Bortnen og sørover. Då vert veglengda til Svelgen redusert frå 70 km til anslagsvis 13 – 14 km. Då vert det fine dalføret frå Bortnen og austover mykje, mykje enklare tilgjengeleg, og **det er all grunn til å tru at bruken av området som friluftsområde vil auke ganske kraftig samanlikna med i dag.** Kor stor auken vil bli, er vanskeleg å bedømme, det blir berre spekulasjonar, men auke blir det, det er det ingen tvil om!*

Som følgje av bygginga av den nye vegen som lettar tilgangen, vil kraftutbygginga kome i klår konflikt med friluftinteressene. Vi vurderer likevel ikkje konflikten til å vere større enn i mange andre småkraftsaker, så denne konflikten aleine er etter vår vurdering ikkje stor nok til å seie nei til utbygginga. I akkurat denne saka vurderer vi konflikten med biologisk mangfald som betydeleg større!

Kommentarar til utbyggingsplanane:

Slukevna for den planlagde kraftstasjonen er ifølgje det som står nedst på side 3 i konsesjonssøknaden minimum 0,14 m³/s, eller 9,9 % av middelvassføringa. Ifølgje side 7 og 8 er minimum slukevne 0,28 m³/s, eller 19,7 %. Skilnaden er altså betydeleg, og så stor at det er viktig! Maksimum slukevne er 19,3 % av middelvassføringa. 20 % + 4 % = 24 % av vatnet + minstevassføringa blir att i elva. Det er ikkje nemnt heilt konkret, men vi går ut frå at 4 % -

talet for vasslepping når kraftstasjonen står stille, er basert på ei minimum slukevne på 0,28 m³/s. Dette må utbyggaren svare sikkert på!

Hydrologi og tilsig: Vi har ikkje vurdert dette (og normalt er det ikkje vår oppgåve heller, meiner vi). Med dei store konfliktane med biologisk mangfald som er i denne saka, er det viktig at hydrologiutrekningane, inklusive talet for spesifikk avrenning, er mest mogeleg korrekte, slik at til dømes Alminneleg lågvassføring ikkje er sett for lågt. Vi ber NVE vurdere tala spesielt med tanke på dette.

Inntak: Sett ut frå friluftslivssynspunkt har vi ikkje spesielle merknadar til plasseringa av inntaket. For å unngå konflikten med Lok 101 Bortnen: Gamlesetra (sjå Vedlegg 8, Miljøfaglig Utredning AS sin rapport), vil det vere ein fordel å flytte inntaket så langt nedover at Lok 101 ikkje vert påverka. For friluftsliv vil dette også vere ein liten fordel. Om konflikten med biologisk mangfald er så stor at inntaket bør flyttast nedover, må andre med meir fagkunnskap på området enn oss, vurdere.

Røyrgate: Traseen for røyrgata har vi ingen merknader til, men vi synest at **anleggsbreidda, 30 m, er svært stor**. Det vil føre til omfattande inngrep i det sårbare terrenget langs elva, og det aukar sjansane for at viktig biologisk mangfald kan gå tapt. Viss det skulle bli gitt konsesjon, ber vi NVE krevje at anleggsbreidda vert **mykje** smalare enn 30 m. Miljøtilsynet i NVE Region Vest i Førde veit mykje om slike spørsmål, og kan stille dei endelege krava i samband med detaljplanlegginga.

Kraftstasjonen: Vi har ingen merknader til plasseringa. Kanskje kunne den vore på oppsida av det stryket som er vandringsperre for laksen, men ettersom vi ikkje har vore på synfaring, har vi ikkje grunnlag for å kome med eit konkret framlegg, og vi ber NVE vurdere dette under sluttsynfaringa.

Ettersom elva er laks- og sjøaure(?)-førande, må det stillast nokre absolutte krav til kraftstasjonen:

Det må installerast omløpsventil i kraftstasjonen. For denne utbygginga må dette vere eit ufråvikeleg krav.

Det må settast i verk tiltak for å unngå at laks og sjøaure søker oppover i utløpet frå kraftstasjonen, og kanskje brukar dette som gyteområde med stor fare for innfrysing av rogn når det blir stopp i drifta av kraftstasjonen i dei kaldaste periodane om vinteren.

Det er opplyst at gytetilhøva for laksen ikkje er særleg gode i elva. Vi ber utbyggaren og NVE vurdere om det i tilknytning til utbygginga kan gjerast noko for å betre på dette, til dømes i den kulpen som er oppe under vandringshinderet for laksen, og der utløpet frå kraftstasjonen er planlagt.

Ettersom Bortnedalen vil verte mykje viktigare for friluftslivet etter at den nye hovudvegen gjennom Bortnen er bygd, må det leggjast stor vekt på støydemping av kraftstasjonen. Mellom anna er bruk av vasskjølt anlegg for å unngå viftestøy, eit aktuelt tiltak. Vi ber NVE stille krav!

Vegbygging: Det er gledeleg at vegen ikkje skal brukast til uttak av skog som kan skade dei store verdiane innanfor biologisk mangfald! Når det gjeld vegen mellom kraftstasjonen og inntaket, ber vi om at den etter utbygginga vert omgjort til "køyresterkt terreng", og at det vert lagt ekstra stor vekt på å tilpasse vegen til naturen. "Køyresterkt terreng" vil gje ein fullt ut tilfredsstillande veg til å kome opp til inntaket med traktor og gravemaskin for reinsking og

vedlikehald, samstundes som den kan bli i alle fall ganske bra tilpassa naturen, slik at inntrykket av dei store inngrepa vert dempa.

Kraftlinjer: Jordkabel fram til eksisterande 22 kV-line er bra!

Massetak og deponi: Nedst på side 6 i Aurland Naturverkstad sin rapport i Vedlegg 7 (side 48 i konsesjonssøknaden), står det følgjande:

"Det vert søkt om eit masseuttak frå ein glasifluvial avsetning nede i Bortnen. Dette er einaste glasifluviale avsetningen i området."

I kva grad denne glasifluviale avsetninga er "verneverdig", reknar vi med at andre høyringsinstansar og NVE vurderer. Vi har ikkje godt nok kunnskapsgrunnlag til å meine noko bestemt om det.

Køyremønster og drift av kraftverket: Vi merkar oss at utbyggaren ønskjer å kunne regulere vasstanden i inntaksmagasinet med inntil 1 m. Dette kan gjere det mogeleg å drive med "skvalpekøyning" av kraftverket, noko som vil vere svært uheldig for fisken i elva nedanfor kraftstasjonen.

Vi ber om at NVE uttrykkeleg totalforbyr all "skvalpekøyning" av kraftverket!

Arealbruk: Vi ber NVE krevje at arealbruken til trase for tilløpsrøyr vert redusert **kraftig**, til dømes at den vert halvert, for å redusere naturinngrepa langs elva! 30 m er altfor stor anleggsbreidd i dette sårbare terrenget, og vi veit at det finst måtar å arbeide på som reduserer denne breidda!

Kommentarar til verknadane av utbygginga:

Hydrologi: Dei store konfliktane med biologisk mangfald gjer at hydrologien er ekstra viktig for denne utbygginga. Vi ber NVE vurdere om det vil vere ein fordel å gjennomføre vassføringsmålingar i elva i eitt år eller meir for å samanlikne dei reelle vassføringane i elva med dei vassføringane som er teoretisk utrekna ved samanlikning med VM 85.3 Svartebotten.

Biologisk mangfald og verneinteresser: Dei to biologirapportane som følgjer konsesjonssøknaden i vedlegg 7 og 8 viser at det er **store verdiar** med mellom anna mange raudlisteartar, og store konfliktar med biologisk mangfald i influensområdet for utbygginga. Viss det skulle bli gitt konsesjon, må det derfor takast **store omsyn** til det biologiske mangfaldet både når det gjeld anleggsarbeidet og minstevassføringa. Utbyggaren har gjort ein heil del på dette området, og det er bra, men spørsmålet er om det er nok! For oss ser det ut som at minstevassføringa om sommaren bør aukast, til dømes doblast, medan minstevassføringa om vinteren kanskje/truleg er stor nok. (I tillegg synest vi anleggsområdebreidda for røyrгатetraseen er altfor stor.) Men vi presiserer at vi har ikkje fagkunnskap nok til å vurdere dette på ein god nok måte, så dette må andre høyringsinstansar, som Fylkesmannen, og NVE med sine fagfolk, vurdere.

Den nye biomangfaldlova gjer det enda meir aktuelt enn før å ta omsyn til det biologiske mangfaldet i slike saker. Vedlagt følgjer ei utskrift frå Artsdatabanken over dei raudlisteartane i området som er registrerte der. Vi kan nemne at den Sterkt trua Vasshalemosen som er nemnd, truleg veks minst 1 km nedstrøms den planlagde kraftstasjonen, slik at den ikkje er i faresona. Hasselrurlav, derimot, som vi ikkje kan sjå er nemnd i Miljøfaglig Utredning sin rapport, og som veks litt nord for elva, like aust for midten i Lok 102 Bortnen. Bortneelva nordside, kan vere i faresona for røyrгатetraseen. Vi er litt usikre på

om funnstadane på kartet i Artsdatabanken sine nettsider er nøyaktig nok markerte. (Når det gjeld Fossegrimemose ser det ut som dei ikkje er det.)

Fisk og ferskvassbiologi: Vi viser til det vi har skrive i omtalen av kraftstasjonen.

Flora og fauna: Det er svært sannsynleg at kongeørn brukar Bortnedalen til næringsøk. Vi har ikkje rapportar om hekking i dalen, men namnet Ørnereidsvatnet like sør for den austlegaste delen av vassdraget, indikerer at det er ørn i nærområdet.

Kulturminne: Vi er usikre på i kva grad den gamle vegen og stølsvegen, inklusive bruene, oppover langs Bortneelva er verdfulle kulturminne som bør takast vare på. Enkelte foto, mellom anna Bilde 13 i Vedlegg 6, kan indikere det. Men dette spørsmålet går vi ut frå at Fylkeskommunen vurderer.

Brukarinteresser: Sjå side 1 i fråsegna.

Avbøtande tiltak: Eit viktig tiltak i tillegg til det som er nemnt, er å gjere anleggsområdebreidda for røyrgatetraseen smalare. Likeins er det viktig å omgjere vegen på/ langs røyrgatetraseen til "køyresterkt terreng".

Vedr. minstevassføringa meiner vi det er rett å ha så høg vassføring som 2 gonger Alminneleg lågvassføring om vinteren. Så nær kysten er ikkje vinteren den same som lenger inne i landet, (vinteren 2009 - 2010 er eit svært stort unntak frå den regelen,) og vekstsesongen for plantar i så lågtliggende område som dette, går ofte langt inn i "NVE sin vinter" som varer frå 1. oktober til 30. april. Vi tolkar Miljøfaglig Utredning AS sin rapport slik at dei tilrår ei enda større minstevassføring, til dømes 4 gonger Alminneleg lågvassføring, eller enda meir, om sommaren, og ber NVE vurdere dette.

Samandrag av Turlaget sitt syn på utbygginga:

Utbygginga er i klår konflikt med friluftsinteressene, og konfliktnivået vil auke ganske mykje når den nye vegen som snart skal byggast, er ferdig. Då vert avstanden mellom Svelgen og Bortnen redusert frå 70 km i dag til anslagsvis 13 – 14 km, slik at tilgangen til tuområda i dalen vert mykje enklare. Konfliktnivået er likevel innanfor det vi (ofte under tvil) har akseptert i andre saker, slik at vi ønskjer ikkje å gå mot utbygginga med friluftsinteressene som einaste grunngjeving.

I denne saka ser det for oss ut som konfliktane med biologisk mangfald er svært store, og mykje større enn for friluftslivet. **Det kan derfor vere alle grunn for NVE til å vurdere om konsesjonssøknaden skal avslåast med biologisk mangfald om ei viktig grunngjeving.** Men dette må andre høyringsinstansar og NVE vurdere, vi har for lite fagkunnskap på området til å kunne gje ei konkret tilråding i dette spørsmålet.

Viss det skulle bli gitt konsesjon, viser vi til det vi har skrive under mellom anna kraftstasjonen, køyremønster og avbøtande tiltak. Vi viser også til det Miljøfaglig Utredning AS har skrive om "Program for vidare oppfølging og overvåking" i punkt 9 på side 22 i sin rapport. (Side 90 i konsesjonssøknaden.) Det ser ut til å vere viktig!

Eiere av Bruk nr. 9 gårdsnummer 81 uttaler følgende i e-post av 07.02.2010:

"Vi bed om at følgande kommentarer blir tekne med i handsaminga av konsesjonssøknad for kraftverk i Bortneelva, gardsnr 81, Bremanger kommune.

Underskrivere av dette brevet er eigare av bruk nr 9, i bygda Bortnen, Bremanger kommune, heretter kalla bruk 9. Vi har ikkje skreve under på avtale om kraftutbygging av elva i Bortnen med bedrifta Småkraft AS, heretter kalla søkjar.

Vi motset oss oreigning av delar av bruk 9 til utbygging av kraftverk.

Vedr. pkt 2.6.2 Egedomsforhold i søknaden:

Grunnlag: Så langt vi kjenner til foreligg det ingen rettslig kjennelse til kven som har egedomsretten til vatnet i Bortneelva. Men det finnes utskiftinger av innmark frå 1913 og utmark frå 1927/1928, samt tidligare praksis og lignande saker.

I konsesjonssøknaden frå søkjar vert det vist til at eigarane av bruk nr 9 eig 2 % av "vannfallet". Ved bruk av fallmeter vert dette truleg eit rett estimat. Dersom delingsmodellen går på "skyld," vert bruk 9 sin andel noko høgare.

Sidan det i søknaden kun vert referert til fallmeter, går vi ut frå at tidligare skifte av innmark og utmark ikkje er teke omsyn til. Vi tillet oss derfor å påpeike følgande frå desse utskiftingane:

I utskifting av utmark på garden Bortne (1927-1928), står det som følger under VIII, forskjellige slags bestemmelser: "Landslodd og fiskerier er uberørt i nærværende forretning og forblir som forhen. Likesaa er fiskeri i elver og vand samt vassdragsrettigheter uberørt i forretningen."

I tillegg er beskrivelsen av grensene mellom teigane formulert "...begynder i nordre side av Daleelven... ...utgaar fra Daleelvns søndre side..."

Vi vil i tillegg nemne at i utskiftinga frå 1913 er rettane for den andre vassdraget ("Sagelva") i Bortnen beskreve. Der står det som følger: "Forsaavidt vandkraften i Sagelven kan utnyttes i andet øjemed end nu, bemerkes at eiendomsretten til vandkraften tilhører samtlige skiftefæltets lodeiere efter skyld."

Vi syner også til utbygginga av "Nibbevassdraget" på 1960-tallet der oppgjerd for vassrettane vart delt mellom grunneigarane etter skyld med grunnlag i utskiftinga frå 1913 og 1927/1928.

Vi syner og til sak og dom i Gulating Lagmannsrett av 28.10.2005 vedr. egedomsforholda til vatnet i Kandalselva i Gloppen kommune. Lagmannsretten fastslo at vatnet i elva var sameige mellom grunneigarane, og at storleiken på retten til vatnet skulle avgjerast av den såkalte "smørskyld". Det er etter vårt syn stor likskap mellom denne saka og forholda i Bortnen.

Vassdragsrettane må då tolkast som felles.

Avtaleprosessen.

Eigarane av bruk nr 9 ønskjer å presisere at vi i utgangspunktet var positive til kraftutbygging i Bortneelva.

Gjennom avtaleprosessen 2005/2006 fekk vi ikkje avklara rettane til vatnet i elva. Konsekvensane av ei kraftutbygging vart heller ikkje tilstrekkeleg belyst.

Den foreliggende kontrakta, som vi sist har fått 20.07.2006), har også upresise formuleringar med omsyn til kva rettar søkjar vil ha på grunneigarane sine egedomar.

Eigarane av bruk 9 vil, uavhengig av delingsmodell, besitte ein liten del av vassrettane, og evt framtidige inntekter vert uansett avgrensa. I prosessen før avtale var det av stor betydning å få avklart konsekvensane av utbygging. Dette for å oppnå ei avtale som i størst mulig grad var sjølvavklarande sett i lys av ein tidshorisont på nærare 50 år.

Underskrivne eigarar av bruk nr. 9 er ikkje informert om framdrift i utbyggingsplanane eller blitt kontakta av søkjar sidan august 2006.

Dette finn vi litt merkelig, sett i forhold til formuleringa i søknaden under punkt 2.6.2 "Eiendomsforhold", .. "opprinnelig kontraktsforslag har blitt endret etter innspill frå fallrettshavere, men det har ikkje lykkjes å komme til enighet."

På bakgrunn av dei moment som framgår av ovanstående, motset vi oss oreigning av delar av bruk 9 sin eigedom til utbygging for kraftproduksjon."

Eiere av Bruk nr. 9 gårdsnummer 81 uttaler vidare følgende i brev av 14.09.2010:

"Vi syner til konsesjonssøknad frå Småkraft AS om tillatelse til bygging av kraftverk i Bortneelva i Bremanger kommune, Sogn og Fjordane, samt innspill i NVE's høyring i saka frå eigarane av bruk nr 9, datert 07.02.2010.

Etter ei samla vurdering av fleire moment i saka, vil eigarane av bruk nr 9 med dette melde frå om at vi trekker tilbake våre innspill til høyringa i nemnde brev."

Edvard Hartvigsen uttaler følgende i brev av 21.09.2010:

"Småkraft AS har søkt om konsesjon for bygging av kraftverk i Bortneelva, registreringsnummer 4841.

Som eigar i bustad i Bortnen, vil eg meddele at eg ser positivt på eit slikt tiltak. Ein framtidig arbeidsplass, i tillegg til utbetring av eksisterande bygdeveg, vil etter mitt syn kunne bidra til å sikre framtidig busetnad.

Håpar difor at søknaden frå Småkraft vert innvilga."

Jonny Lofnes uttaler følgende i brev av 22.09.2010:

"Under synfaringa med NVE vart vi opplyst om at vi kunne komme med innspel innen 3 veker etter synfaringa.

Eg vil til dette seie at eit slikt tiltak etter mitt syn vere positivt for framtida i bygda. I tillegg til framtidig arbeidsplass, vil ikkje minst betra veg og skogsveg vere med på å styrke næringsgrunnlaget og framtidig busetnad i bygda."

Søkers kommentar til høringsuttalelsene

Søker har i brev/e-post av 07.02.2011 kommentert de innkomne høringsuttalelsene slik:

Bakgrunn

Vi viser til e-post der dere ber om Småkrafts kommentarer på mottatte høringsutsagn vedrørende konsesjonssøknaden for Bortnen kraftverk i Bremanger kommune i Sogn og Fjordane fylke.

Følgende interessenter har gitt sitt høringsutsagn i saken:

- *Bremanger kommune*
- *Sogn og Fjordane fylkeskommune*
- *Fylkemannen i Sogn og Fjordane*
- *Statens vegvesen*
- *Sogn og Fjordane energi AS*
- *Kommentar Anne Lise Skårhaug*
- *Sogn og Fjordane Turlag*

Bremanger kommune:

- *".... Ein føreset difor at minstevasføringa vert kravd slik det fremgår av søknad, med 108 l/s, og at det vidare i alle deler av anlegget vert lagt vekt på minimalisering av terrenginngrep. Revegetering må gjerast med stadeigne arter, og ikkje framande såfrøblandigar."*
